

Saksbehandlar: Jarlaug Lauritsen, Kulturavdelinga
Sak nr.: 14/6356-25

Fylkeskulturprisen 2014

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

Fylkeskulturprisen for 2014 vert tildelt

Vedlegg:

- 1 Retningsliner
- 2 Innkomne framlegg
- 3 Tidlegare tildelingar

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Innkomne framlegg 2014

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Dette er 35. gong hovudutval for kultur skal dela ut fylkeskulturprisen. Gjennom desse åra har 28 enkeltpersonar fått prisen. 13 av dei har fått prisen åleine, medan dei andre har delt prisen med ein anna person og ein gong – i 2004 var det tre personar som delte prisen. I tillegg er det 14 lag/organisasjonar som har fått prisen – her spenner det frå kor/grupper til spel, festival, utstillingar og organisasjonar.

Føremålet med prisen er å hjelpe fram kulturarbeidet i fylket.

Prisen kan delast ut til einskildpersonar, lag eller organisasjonar

- Som høyrer heime i fylket
- Som viser evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege
- Som har talent, viser kreativitet og evne til nyskaping.

Ein vil særleg vere oppteken av at prisen skal vere til inspirasjon for aktørar som står sentral i arbeid med å halde ved like og vidareutvikle det kulturelle mangfaldet i fylket.

Hovudutval for kultur avgjer om prisen skal delast ut og kven som skal få den. Frå 2013 er det utpeika hovudutval for kultur – ei innstillingsnemnd som skal vurdere og innstille kandidat(ar) til fylkeskulturprisen. I HK-sak 55/13 vart desse oppnemnde til innstillingsnemnd for kulturprisen: Nils Gjerland, Torbjørn Vereide, Marit Barsnes Krogsæther. Vara: Jan Olav Fretland. Retningslinene for fylkeskulturprisen vart og justert i same sak.

2. Kandidatar og vurderingar

Kultuprisen har vore annonsert i alle avisene i fylket, med frist 1.november for å kome med grunngjeve framlegg på kandidatar. Det er for 2014 kome inn 11 framlegg. Fleire av kandidatane har vore foreslått tidlegare år også.

Innstillingsnemnda har hatt to møter. I tillegg til dei 11 innkomne framlegga har nemnda også drøfta andre kandidatar som dei ønskte å vurdere, dels kandidatar som har vore foreslått tidlegare, dels kandidatar som nemnda sjølv lanserte i prosessen.

Nemnda har vurdert kandidatar i høve sjanger, kategori og prestasjonar. Alle kandidatane var vurderte som gode kandidatar og viktige aktørar i å skape eit variert og mangfaldig kulturliv i fylket.

Etter grundige vurderingar samla nemnda seg om tre forslag som vert lagt fram for hovudutvalet som dei mest aktuelle kandidatane i 2014. Nemnda har ved si vurdering i år lagt vekt på nynorskspråkleg litteratur, dokumentasjon av kulturhistorie, samtidshistorie og enkeltpersonar sin innsats i eit samla kulturliv i fylket. Hovudutval for kultur gjer endeleg vedtak.

Dei tre kandidatane som innstillingsnemnda fremjar er:

1. Selja og Skald forlag

SKALD forlag vart skipa i 1991 av Jon Skjerdal og Lars Nes. Selja forlag vart skipa i 1996 av Torkjell Djupedal. Saman har desse to Sogn og Fjordane-baserte forlaga gitt ut om lag 400 titlar (SKALD litt over 200 titlar og Selja litt under 200 titlar). Begge forlaga baserer seg i hovudsak på nynorskspråklege utgjevingar, og med tema frå eige fylke. Forlaga er såleis viktige aktørar i det å dokumentere kultur- og samfunnsniv i Sogn og Fjordane, og fremje det nynorske skriftspråket.

SKALD gir ut bøker i fleire kategoriar, til dømes innan kunst, reise, barn, natur og mat. Skald har stort fokus på design, taktilitet og materialitet, og har mange prisvinnarar blant bokproduksjonane. Forlaget har også spesialisert på produksjon av oppdragsbøker, firmagåver, jubileumsbøker, o.l. og skreddarsyr bøkene etter individuelle behov, jf <http://www.skald.no/>

Selja Forlag sine bøker har forankring på Vestlandet. Den første boka handla om klosterøya Selja, som i tidlegare tider var eit viktig senter på Vestlandskysten, og i nyare tid gav forlaget namn. Selja Forlag ønskjer å fortelje gode og viktige historier, særleg frå det verkelege liv, med stikkord som historie, kultur, natur, folk, reise, mat og kyst. Forlaget legg stor vekt på at bøkene skal ha høg kvalitet, både på tekst, foto og utforming. Mellom dei mest kjende titlane er "Opptur"-bøkene med flyfotograferte fotturar og "Fjordamat"-bøkene med vestlandsk tradisjonsmat, jf elles <http://www.selja.no/>

2. Finn Loftesnes og Oddleif Apneseth

Fotografane Finn Loftesnes og Oddleiv Apneseth er to fotografar som på kvar sin måte gjennom fotografi har dokumentert og sett Sogn og Fjordane på kartet nasjonalt. Både Finn Loftesnes som naturfotograf og Oddleiv Apneseth som presse- og kunstfotogra har vist at fotografi på ulike måtar er viktig for kulturen både her i fylket og nasjonalt.

Finn Loftesnes er fotograf/foredragshaldar og forfattar. Han formidlar vestlandsnaturen på ein eineståande måte. Han har vore med og laga fleire bøker, og vore fotograf for lysbildeshowet som er vist på Breheimsenteret og på Fjordsenteret i Gaupne. Loftesnes har halde mange lysbildeforedrag om naturen og kulturen i fylket. Han formidlar på ein flott måte både gjennom tale, foto og musikk som passar til fotografi/lysbildeshow. Finn Loftesnes har vore fotograf for «Opptur»-bøkene som Selja Forlag har gitt ut.

Oddleiv Apneseth er tidlegare pressefotograf, no frilans. Har m.a. vunne World Press Photo og Årets Bilde 1994 og i 2005. Han fotograferte i 2008 alle innbyggjarane i Jølster kommune. Fotoprojektet resulterte i fleire utstillingar. I 2010 kom boka "Jølster 2008". Han arbeidde i 2010 med eit fotoprojekt der han fotodokumentere Florø sitt 150- årsjubileum. Apneseth var også festivalfotograf for rundballefestivalen i Fjærland same år. I 2012 kom boka om Sogn og Fjordane Teater, med foto av Apneseth. For denne boka vart han tildelt heidersprisen til Leser søker bok –

«Ordknappent» - i 2013. Denne hausten kom «Norges Låver» - eit praktverk som viser mangfaldet og variasjonen i låvebygningar i heile landet. Apneseth samarbeidde her med journalist Eva Røyrane.

3. Kari Støfringsdal

Kari Støfringsdal er bondekone, husstellærer og kokebokforfattar. Ho har i samarbeid med andre gjeve ut bøkene fire kokebøker, «Fjordamat» og «Ta kaka.». Ho har vore ei av driftkreftene til å bygge opp Fjordamattunet heime på garden Støfringsdal i Jølster, jf <http://www.fjordamattunet.no/sider/omoss.html> I lokala inviterer Kari til kurs i pizza og småbakst, brødbaking, julemat og hellebakst m.m. Lokalet har vedfyrt bakarovn. Bord og benkar er bygt med særpreg av eigenprodusert tømmer. Både inne og ute er det bygt i pakt med naturen. Ho har i tillegg hatt ei rad verv både innan landbruket og i lokalpolitikken. Vert og mykje brukt som kurs- og foredragshaldar om tradisjonsmat. Gjennom hennar arbeid vert det sett fokus på lokalprodusert mat og kvardagskosten.

3. Konklusjon

På bakgrunn av førebuingsarbeidet frå innstillingsnemnda, gjer hovudutval for kultur endeleg vedtak om mottakarar av fylkeskulturprisen 2014. Prisen er diplom og ein sum på kr 50 000 og vert delt ut på fylkestinget 9. desember 2014.